



Biskop Halvor Nordhaug kjem til Uskedalen på temakveld i kyrkja

I veke 39, frå måndag 24. september er det bispevisitas i Kvinnherad. Med heile 12 kyrkjer og 11 sokner er det lagt opp til eit tett program. Uskedalen er lagt inn med temakveld på onsdagen. Det er biskop Halvor Nordhaug som vil innleia med tema: Kor kristent skal Noreg vera - korleis ta vare på den kristne arven.

Det er Uskedal sokneråd som er vertsskap og arrangør av temakvelden. Opplegget er slik det har vore før på temakveldar. Etter biskopen si innleiing vert det pause med kyrkjekaffi. Så vert det samtale og drøfting. Kyrkjekoret Nordsaang vert med på temakvelden.

Før samlinga i kyrkje er det middag i Gamleskulen med inviterte leiarar frå indremisjonen og bedehusa i kommunen. Det er ikkje kjend for redaksjonen om det påmeldingar frå Uskedal Indremisjon og Uskedal Bedehus. Elins Matgleder skal levera maten til denne samlinga.

Bispevisitasen vert avslutta med gudsteneste sundagen i Kvinnherskyrkja. Det er skrive visitasmelding som handlar om kyrkjelivet i Kvinnherad. Rapporten vert lagt fram for biskopen. Soknepresten Rediar Ådnanes har med innspel frå staben og sokneråda i Kvinnherad fellsområde skrive meldinga.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Jostein Risa